



Bømlo kommune  
Leirdalen 1  
5430 BREMNES

Dato: 08.02.2018  
Vår ref.: 2017/17708-14  
Saksbehandlar: ninhoel  
Dykkar ref.: 2017/1542-50330365/2017

Att.: Alf Helge Greaker

## Fråsegn til planprogram for ny kommuneplan 2018 - 2048 for Bømlo kommune

Vi viser til brev datert 08.12.2017 om høyring av planprogram for ny kommuneplan 2018 – 2048, og med dette også varsel om oppstart av arbeidet med ny kommuneplan for same periode. Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### Vurdering og innspel

Kommunen stilte i møte i *Regionalt planforum* den 30.01.2018, der planprogrammet var tema for diskusjon. Planprogrammet er felles for kommuneplanen sin samfunns- og arealdel, men ein tek sikte på handsaming av samfunnssdelen først. Ifølgje prinsipp for universell utforming skal offentlige dokument kommunisere med alle. Dokumentet som ligg på høyring har eit lettfatteleg og godt språk.

Samfunnssdelen er eit verktøy for kommunen si heilsakplege planlegging og skal vere grunnlaget for sektorane sine planar. Samfunnssdelen skal også gje grunnlag for overordna prioriteringar i arealdelen. Kommuneplanens samfunnssdel skal byggje på overordna planer og retningslinjer.

I regional planstrategi for Hordaland 2016-2020 «Utviklingsplan for Hordaland», er det eit langsiktig mål at Hordaland skal vere berekraftig, attraktivt og nyskapande. For å oppnå dette er det gitt fire hovudmål:

- Høg sysselsetting
- Eit inkluderande samfunn
- Ei klima- og miljøvenleg utvikling
- Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion

Det er positivt å merke seg at samfunnssplanen til Bømlo i vesentleg grad følgjer desse måla gjennom å ha fokus på næringsutvikling, klima og miljø, folkehelse og tettstadutvikling. Gjennom arrangering av inspirasjonsseminar «Det gode liv for alle» 16.01.2018, med fokus på ny kommuneplan med vekt på samfunnssdelen, syner Bømlo at dei tek kommunen si utvikling på alvor, og at dei har ei aktiv framoverlent haldning til dette.

Kommunen har i planprogrammet trekt fram grunnleggande prinsipp, som skal vere gjennomgåande innan alt virke, og følgeleg også i arbeid med planverk i kommunen. Ingen planar skal vere i konflikt med dei fire grunnleggande prinsippa, som er: *Folkehelse; Integrering; Frivillighetsstrategi* og *Klima og miljø*. Det er positivt at kommunen løftar fram bærekraftigheit som eit viktig tema, med omsyn til både klima, natur, menneske og økonomi. Dette er i samsvar med Plan- og bygningslova som i føremålsparagrafen seier at: «*Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner. Planlegging etter loven skal bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgaver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser.*»

Børnlo kommune har valt følgande hovudkategoriar til drøfting i arbeidet med samfunnsplanen:

- A. Framtidsretta bustadbygging
- B. Digitalisering i kommunen
- C. Attraktive lokalsentra og gaterom
- D. Næringsliv
- E. Kystbasert friluft- og reiseliv
- F. Kulturforvaltning
- G. Mobilisere frivillige
- H. Betre oppvekst- og læringsmiljø for barn og unge

Hovudkategoriane tek opp viktige tema som skal leggast til grunn for vidare utvikling i Børnlo kommune.

### **Relevante planfaglege innspel**

#### Om kombinert planprogram for både samfunnsdel og arealdel

Børnlo kommune ønskjer å rullere både samfunnsdel og arealdelen til kommuneplanen samstundes. Dette er mogleg, men kan også medføre utfordringar. I høyringsutkastet er utvalde tema stort sett relatert til samfunnsdelen. Det er positivt at Børnlo kommune vil ta samfunnsdelen på alvor, men planprogrammet er ikkje tilstrekkeleg for arealdelen. Samfunnsdelen og arealdelen er ulike i høve til grunnlag og metodar. Det er formelle krav i Plan- og bygningslova knytt til arealdelen, til dømes i høve til KU.

Fylkeskommunen vil rá til at planprogrammet blir gjeldande for samfunnsdelen, så kjem planprogram for arealdelen i neste del, anten som eige planprogram eller som revidert planprogram for både samfunnsdel og arealdel. Fordelen med å vedta samfunnsdelen først er å få på plass viktige prinsipp og prioriteringar knytt til arealutviklinga på Børnlo.

#### Om struktur

Generell kommentar til dokumentet og oppbygginga av det:

- Kapittel 1: Tidleg i dokumentet bør det kome tydeleg fram kva som er mål for rulleringa og visjonen for utviklinga av samfunnet på Børnlo.
- Kapittel 2: Ein kan med fordel trekke fram og skildre planstrategien i større grad. I Kapittel 2 er det skissert opp føresetnader og prinsipp for arbeidet. Det er viktige prinsipp som her er trekt fram, og disse bør koplast tettare saman med Kap 4 og hovudtema for kommuneplanen. Det kan også vere ein fordel å skissere opp viktige nasjonale, regionale og kommunale føringar framfor å ha desse som vedlegg.
- Kapittel 3 som omhandlar framdrift kan flyttast lengre bak.
- Kapittel 4 trekk fram hovudtema. Vi saknar kopling til føresetnader og prinsipp, samt strategi vidare for kvart tema.

#### Om tematikk i samfunnsdel

Planprogrammet til høyring er generelt og kan med fordel spissast meir. Vår tilbakemelding er at ein kan vere konkret, det tener kommunen på. Utfordringane blir då tydelegare. Ei utgreiing og drøfting av kvart hovudtema hadde også vore interessant.

Kapittel 4 trekk fram åtte hovudtema frå A til H. Grunngjevinga for val av desse og sorteringa er litt uklar. Fylkeskommunen ønskjer at nokre tema vert løfta fram i større grad, som mobilitet (reise i kommunen), vekst, folkehelse, kulturmiljø og kulturminne, samt strandsone.

## Langsiktig arealstrategi

Ein arealdel i ein kommuneplan kan gjerne innehalde klare strategiar for vidare arbeid, som også bind saman samfunnsdelen og arealdelen av kommuneplanen. Ein måte å gjere dette på er å ha ein «langsiktig arealstrategi» som eige kapittel, som peiker ut hovudretningar og dannar grunnlaget for kommuneplanen sin arealdel. Her bør hovudutfordringane for arealdisponering kome fram.

## Arealdelen

Arealdelen er, til forskjell frå samfunnsdelen, eit juridisk bindande dokument. Arealdisponeringar kan gi store samfunnsmessige konsekvensar, ved at planen legg til rette for avgjerande store tiltak, eller gjennom sumeffektar av mange små tiltak. Det er krav om at alle endringar i arealdisponeringar i kommuneplanens arealdel skal konsekvensutreiaast, og det skal gjerast ei risiko- og sårbarheitsanalyse.

Kommuneplanens arealdel bør drøfte hovudkategoriane av arealbruksføremål, kome med ei foreløpig vurdering av arealbehov og eventuelt andre behov for justeringar. Det bør også diskuterast om føresegner skal vidareførast i form og innhald, eller om det vert endringar her. Tilhøvet til nabokommunane når det gjeld føresegner kan også gjerne drøftast. Viktige moment som bør vere med er korleis gjennomføring av KU skal vere, kva rammer eksisterer, kva ønskjer ein å få fram?

Under er døme på hovudkategoriar av arealbruksføremål.

- Bebyggelse:
  - Bustad, herunder omsyn til bærekraft, dyrka mark, teknisk infrastruktur, markedsinteresse, klima
  - Idrettsanlegg
  - Tenesteyting
  - Næringsareal
  - Fritidsbebyggelse
  - Råstoffutvinning
- Transport/mobilitet:
- Grønstruktur
- LNRF-område
- Bruk og vern av sjø og vassdrag
- Omsynssoner

I tillegg til disse skal alle framlegg til vesentlege endringar i arealbruk utreiaast med tanke på kva miljø-, ressurs- og samfunnsomsyn som vert rørte. Det skal greiast ut om overordna konsekvensar av dei eventuelle arealendringane eller føresegnene som vert lagt fram, jamfør forskrift om konsekvensutreiling.

## **Folkehelse**

Det er positivt og i tråd med nasjonale føringer at planprogram legg opp til folkehelse som gjennomgåande grunnleggjande prinsipp for planarbeidet. Likevel syns fylkeskommunen at temaet folkehelse kunne ha kome betre fram, særleg når det er eit av Bæmlo sine satsingsområde.

Planprogrammet viser at kommunen legg rammene her i tråd med føringer som:

- Har stort sett ei befolkningsretta tilnærming.
- Legg vekt på å arbeide bakanforliggende faktorar med eit påverknadsperspektiv
- Tiltaka er stort sett tversektorielle.
- Kommunen som eit heile skal bidra i folkehelsearbeidet.

## Uklarheiter

Planprogrammet er lite konkrete på korleis folkehelseperspektiva skal takast vare på i serleg i arealdelen. Integrering av minoritetsspråklege kjem ikkje fram i planprogrammet. Dette er uheldig, då minoritets-språklege også er ei viktig del av befolkninga. Vi saknar ei drøfting av sosial ujamnheit på helse – dette bør vere ein del av ein kommuneplan sin samfunnsdel.

Når folkehelse er tenkt som grunnleggjande prinsipp for all planlegging. Korleis er planverket tenkt brukt for å sikre gjennomføring av folkehelsemåla i kommunen? Korleis er planverket tenkt brukt for å utjamne sosiale skilnader i helse? Og korleis tenkjer kommunen å kople fhl. §§ 5 og 6 – oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar med dei kommunale planprosessane? Nytt kunnskapsgrunnlag skal utviklast før ny planstrategi (2020) og vedtak KPA (2010). Korleis kan kommunen sikre kunnskapsgrunnlaget inn i arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel?

Kommunen på kople sine delplanar på folkehelse mot planprogrammet, for å sikre at viktig folkehelsearbeid kjem fram også i planlegging i kommunen framover. Oversiktsdokumentet fungerer godt, og det burde ha vore henvist til dette, samt til kommunedelplan for helse og omsorg. Her gjeld det å syne heilskapen.

Når det gjeld medverknad vil fylkeskommunen rose Bømlo kommune – dette arbeidet er forbilledleg. I planprogrammet er det positivt at det er tenkt prosessar utover minstekrava i plan- og bygningslova og med lengre svarfrist. Metodane for involvering verkar deltagande og varierte. Det eineste vi saknar når det gjeld medverknad er ein strategi for å nå minoritetsgruppene, samt utsette grupper som rusmisbrukarar.

## **Vekst og senterutvikling**

*Regional plan for attraktive senter* er særskilt relevant for samfunnsdelen til Bømlo kommune. Hovudmålet i planen er at Hordaland skal ha attraktive senter som fremrar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Sentera skal legge til rette for vekst i heile fylket, og er aktuell for det målretta arbeidet Bømlo har i høve til eigen senterstruktur. Kvart plantema inneholder mål, planskildring, retningslinjer og handlingsprogram. Planen inneholder føresegner som regulerer storleik og lokalisering av handelsverksemder.

Attraktive sentra er meir enn fysisk planlegging. Det har med trivsel og vekst å gjøre. Det er positivt at Bømlo vil satse på lokalsentra, og legge vekt på arkitektur og design, universell utforming, miljøgater og lokal historie og uttrykk. I eit planprogram bør kommunen drøfte kva som er unikt med Bømlo, og korleis ein kan framheve og forsterke dette gjennom vekst. Ønskjer ein vekst, må ein ned i materia kva som gjer at folk flyttar til Bømlo, eller flyttar heim att. Næringa er her viktig for å tilby arbeidsplassar, men også det gode liv på Bømlo med nærliek til barnehagar, skular, møteplassar og vakre naturnære omgjevnader. Korleis skal så Bømlo planlegge for å få til gode nærmiljø? Kva gjer Bømlo til ein attraktiv kommune?

I rullering av kommuneplan vil det gjerne kome nye perspektiv som ein vil ha med i ein arealstrategi, som til dømes «*Det grøne skiftet og den kompakte tettstaden*». Kva betyr dette i Bømlo-samanhang? Kva er strategiane for den familievenlege tettstaden med nærliek til alt? Korleis forankrar ein mål og virkemiddel for «framtidssretta bustadbygging»? Kva er status for tilgang på tomter og utviklingspotensiale innanfor dagens råmer?

Tema handel er også viktig i arbeidet med planprogram for kommuneplan. Også her er *Regional plan for attraktive senter* viktig å sjå til. Her er definert eit mål om at senter skal vere attraktive for handel med handelsverksemder dimensjonert etter nivå i senterstrukturen. Utvikling av sentera i Hordaland i tråd med ein fastlagt senterstruktur skapar føreseielege rammar for både offentlege og private aktørar. Tydeleg satsing i utvalde senter vil gjere dei attraktive som lokaliseringssstad for tenester, handel og arbeidsplassar og kan setje i gong ein positiv etableringsspiral. Innad i den enkelte kommune er det behov for at kommunen fastsett lokalsenter og nærsenter kor ein ønskjer nye etableringar av handel og offentlege og private tenester av lokal karakter.

## Areal- og transport, samferdsel

Kapittel 4 – «Framtida og moglegheita – hovudtema» skisserer opp 8 viktige hovudtema for kommuneplanen. Fleire av desse temaa heng saman og kan med fordel sjåast meir under eit. Dette gjeld særskilt: A) *Framtidsretta bustadbygging*, C) *Attraktive lokalsentra og gaterom* og D) *Næringsliv*. Dette er tema som alle kan koplast til dei statlige planretningslinjene for samordna bolig-, areal- og transportplanlegging (SBAT). Dette er retningslinjer som også er lagt til grunn i regionale styringsdokument, som *Regional transportplan 2018-2029* og *Plan for attraktive sentre i Hordaland 2015 – 2026*.

Det er viktige stikkord som er trekt fram under dei ulike tema, men vi saknar ein meir heilskapleg tenking kring etableringa av mellom anna bustadområder, næringsliv og korleis kommunen ønskjer å legge til rette for dei ulike transportalternativa. Dei statlege planretningslinene inneber at det er særleg i tettstadområder og kring kollektivknutepunkt at bustadutbygging og næringsutvikling bør prioriterast. I slike område bør kommunen legge særleg vekt på høg arealutnytting og fortetting der bustadområder er knytt til viktige funksjoner som skole, butikk og service. Slik tilrettelegging vil gi gjere det enklare å velje dei miljøvennlege transportalternativa, som sykkel og gange, framfor bil. Spreidd busetting kan gjere det utfordrande å drive kommuneplanlegging i tråd med nasjonale retningslinjer for samordna bustad- areal- og transportplanlegging.

Fylkeskommunen vil difor rå til at talet på dei ulike hovudtemaa vert redusert og at ein søker å gje dei statlege planretningslinene eit meir heilskapleg fokus. Dette kan gjere det enklare for kommunen å ta nokre konkrete grep når det gjeld å synleggjere prinsippa for mobilitet. I høyningsframlegget er det under kap 2.3 trekt fram at «*All planlegging skal vere berekraftig med omsyn til klima, natur, menneska og økonomi*» skal gjelde som grunnleggjande prinsipp. Dette er eit viktig prinsipp som bør følgast tydelegare opp når det gjeld mobilitet og korleis kommunen skal bygge opp under miljøvennlege reiser på Bømlo. På fleire viktige strekningar er det til dømes etablert gode gang/sykkel-løysingar gjennom Bømlopakken, og utvikling langs slike strekk vil vere i tråd med nasjonale og regionale retningslinjer. Mobilitet er og eit tema som med fordel kan koplast til folkehelsearbeidet i kommunen. Det er til dømes ei nasjonal og regional målsetting at 80 % av barn og unge skal gå eller sykle til skolen. Skal ein lukkast i dette arbeidet må det skapast trygge og bilfrie områder kring skolane og barn og unge må motiverast til å gå eller sykle. Mobilitetsretta arbeid er døme på eit tema som det bør vere knytt klare prinsipp og prioriteringa til. Slike tema hører heime i samfunnssdelen av ein kommuneplan og skal legge føringar for arealdisponeringa. Det er viktig at slike prinsipp vert løfta i det vidare arbeidet med å rullering kommuneplanen.

## Næring

Aktuelt for arbeid med kommuneplan er «*Regional næringssplan for Hordaland 2013-2017*» – som er utarbeidd av Hordaland fylkeskommune, interesseorganisasjonar i næringslivet, fleire forskings- og utdanningsinstitusjonar og regionale verkemiddelaktørar – prøver også å løysa denne utfordringa gjennom målretta styring av offentlege verkemiddel og utviklingsarbeid. Noko av det som vert peika på som viktige føresetnader for lukkast på lengre sikt er å:

- leggja til rette for næringssaktørar som vil samarbeide med grunnskule og vidaregåande opplæring
- leggja til rette for kompetanseheving og samhandling mellom offentleg sektor og næringsliv
- stimulere til eit betre samspel mellom universitets- og forskingsmiljø og lokalt næringsliv
- utvikle kompetanse som bedriftene kan bruka til å utforma søknader om EU-midlar

Digital infrastruktur vert å åra framover ein viktig føresetnad for utviklinga både av det private- og offentlege tenestetilbodet, og som rammevilkår for det lokale næringslivet. Breiband og fiberutbygging er difor ein faktor som må takast med i planlegginga, på lik linje som anna infrastruktur.

## Kulturminne og kulturmiljø

Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Knytt til forvaltinga av kulturminnelova, er det i hovudsak kommuneplanen sin arealdel som blir gjenstand for våre innspeil.

### Om kulturminne og kulturmiljø

Kulturminne og kulturmiljø ein ikkje-fornybar ressurs som skal vernast i ein heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Både som vitskapleg kjeldemateriale og synlege element i omgjevnadane, skal desse ressursane gje varig grunnlag for nålevande og framtidige generasjonar sin kunnskap om kulturarv, sjølvforståing og identitet. Knytt til lokal samfunnsutvikling er kulturminne og kulturmiljø kjelde til trivsel, oppleveling og verdiskaping.

Det er positivt at Bømlo kommune er i gang med arbeidet med ein kulturminneplan. Gjennom ein kulturminneplan vil kommunen få eit betre oversyn over kulturminne og kulturmiljø, både dei som er freda og dei som er viktige lokalt. Ei god oversikt er naudsynt i forvaltinga av plan- og bygningslova, og ein viktig reiskap for å prioritere kva kulturminne og kulturmiljø som kan framhevest i lokal samfunnsutvikling innan reiseliv, utdanning, friluftsliv, folkehelse, utvikling av attraktive tettstader og identitetsskaping i kommunen. For å kunne gjøre nytte av den ferdige kulturminneplanen og oppretthalde den som ein relevant reiskap, er det viktig at oversyn over kulturminne og kulturmiljø blir eit obligatorisk kartblad i kommunen si arealplanlegging.

### Planprogrammet for kommuneplanen 2018-2048

Planprogrammet for kommuneplanen 2018-2048 bør ha eit eige punkt under hovudtema som spesifikt omhandlar kulturminneinteressene i kommunen. Her er det rom for å vise til viktige kulturminne og kulturmiljø, og kva tiltak og tilrettelegging som kan ivareta og fremje dei rike kulturminneinteressene på Bømlo. Noko av dette er nemnt under hovudtema *Kulturforvaltning*, men vil venteleg også bli gjenstand for vidare drøftingar i samband med konsekvensutgreiing knytt til arealdelen i kommuneplanen. I tillegg til ein evt. ferdigstilt kulturminneplan, kan konsekvensutgreiinga og den vidare planlegginga av arealdisponeringa gjøre nytte av tilgjengelege databasar (jf. Askeladden, SEFRAK-registeret) og lokale kjelder, som gjeld både verna kulturminne og lokale kulturminneinteresser.

I ei konsekvensutgreiing må freda kulturminne og kulturminne frå nyare tid skildrast, og konfliktgraden mellom utbygging/tiltak på land og i sjø og kulturminne bli avklart (jf. Riksantikvaren sin rettleiar for konsekvensutgreiing: <https://brage.bibsys.no/xmlui/handle/11250/277676>). I områder med arealføremål for utbygging, næring osv. må konsekvensutgreiinga også gjøre ei vurdering av moglegitetene for eventuelle uregistrerte kulturminne.

Det er ei stor føremoen at arealplankartet, føresegner og retningsliner er ryddige slik at ein unngår konflikt med kulturminneinteressene i kommunen. Byggområde på land og i sjø, og LNF-område der spreidd utbygging er tillate, kan ikkje vere i konflikt med kjente freda kulturminne, eller andre verneverdige kulturminne med regional eller nasjonal verdi.

Manglande eller upresise føresegner og omsynssoner som medfører at kommuneplanen ikkje ivaretok viktige kulturminneinteresser, eller tek høgde for undersøkingsplikta (jf. kulturminnelova § 9), vil vere grunnlag for motsegn frå Hordaland fylkeskommune som kulturminnemynde.

### Generelle føresegner

Som eit av dei grunnleggjande premissa for arealplanlegginga i kommunen, må dei juridisk bindande føresegndene sikre at freda og verneverdige kulturminne ikkje blir utsett for skadelege tiltak eller utilbørleg skjemming. Ut frå vår erfaring er det mest ryddig å klargjere dette i dei generelle føresegndene til kommuneplanen, uavhengig av arealføremål, ved å inkludere følgjande tekst vist i kulepunktata under:

Knytt til pbl. § 11-9, 6. om «miljøkvalitet, estetikk, natur, landskap og grønnstruktur, herunder om middlertidige og flyttbare konstruksjoner og anlegg», legg ein følgjande tekst inn som generell føresegn:

- Tiltak som vedkjem kulturminne eller omgjevnadane til kulturminne, må i størst mogleg grad få ei estetisk utforming som ivaretek omsynet til kulturminnet. Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det har gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv, i høve til funksjon og i høve til dei bygde- og naturlege omgjevnadane og plassering.

Knytt til pbl. § 11-9, 7. om «hensyn som skal tas til bevaring av eksisterende bygninger og annet kulturmiljø», legg ein følgjande tekst inn som generell føresegn:

Verneverdige bygningar, kulturmiljø og andre kulturminne (til dømes krigsminne, teknisk-industrielle kulturminne og kulturlandskapstrekk) skal i størst mogleg grad takast vare på som opplevings- og bruksressursar og bli sett i stand».

Knytt til pbl. § 11-9, 8. om «forhold som skal avklares og blyses i videre reguleringsarbeid, herunder bestemmelser om miljøoppfølging og -overvåking», legg ein følgjande tekst inn som generell føresegn:

- «Det skal dokumenterast at nye tiltak ikkje kan skade eller utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne. I byggeområde på land og i sjø, samt LNF-område der spreidd utbygging er tillate, skal undersøkingsplikta og avklaring av kulturminneinteressene i medhald av §§ 3, 8, 9 og 11 i kulturminnelova utførast på reguleringsplannivå eller ved søknad om tiltak».

#### Omsynssoner

Freda kulturminne må visast på plankartet med omsynssone (d), jf. plan- og bygningslova § 11-8, d.

Kulturminne som ikkje er freda kan også ha verneverdi, desse bør visast på plankartet som omsynssone (c) innanfor delplanområda, jf. pbl. § 11-8, c. Det bør utgreiaast korleis kommunen skal sikre verneverdige kulturminne innanfor delplanområda. Omsynssoner skal i utgangspunktet kombinerast med arealføremål som ikkje opnar for nye tiltak, som grønstruktur (pbl. § 11-7, 4.) og LNF (pbl. § 11-7, 5. a). Det må vidare knytast føresegner til omsynssone (d) og retningslinjer til omsynssone (c), som sikrar at verneføremåla blir ivaretekne. Teksten kan tilpassast kvart einskild tilfelle, men for utan når det gjeld kyrkjer og kyrkjegardar frå mellomalder, vil i utgangspunktet innhaldet i teksten vere følgjande:

- «Omsynssone pbl. § 11-8, d (SOSI-kode H730)  
I omsynssone d er det automatisk freda kulturminne. Arealet er bandlagt etter kulturminnelova § 4, jf. § 6. Det er ikkje tillate å gjøre nokon form for varige eller mellombelse inngrep som er eigna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på nokon måte utilbørlig skjemme automatisk freda kulturminne, eller framkalle fare for at dette kan skje, jf. kml. § 3. Tiltak som kan ha innverknad på automatisk freda kulturminne skal leggjast fram for regional kulturminnemynde, jf. kulturminnelova §§ 3 og 8».
- «Omsynssone pbl. § 11-8, c (SOSI-kode H570)  
Nye tiltak skal ivareta omsynet til kulturminne/kulturmiljø/kulturlandskap i området. Saker som gjeld tiltak i omsynssona skal leggjast fram for regional kulturminnemynde for vurdering av kulturminneinteresser».

Når det gjeld kyrkjer og kyrkjegardar frå mellomalder vist med omsynssone (d) i plankartet, så vil ordlyden i tilhørende føresegner vere:

- «Omsynssone pbl. § 11-8, d (SOSI-kode H730)  
I omsynssone d er det ei automatisk freda mellomalderkyrkje og mellomalderkyrkjegard. Arealet er bandlagt etter kulturminnelova § 4, jf. § 6. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerlig bruk etter 1945. Det er ikkje tillate å gjøre andre inngrep i grunnen, eller setje i gong tiltak som kan verke inn på den automatisk freda kyrkja og kyrkjegarden, med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova. Bygging nærmare kyrkja enn 60 meter er forbode etter kyrkjelova § 21, femte ledd, og planlegging av tiltak i omgjevnadane må ta omsyn til plasseringa til kyrkja og verknadane i landskapet».
- «Omsynssone pbl. § 11-8, d (SOSI-kode H730)

I omsynssone d er det ein automatisk freda mellomalderkyrkjegard. Arealet er bandlagt etter kulturminnelova § 4, jf. § 6. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerlig bruk etter 1945. Det er ikkje tillate å gjere andre inngrep i grunnen, eller setje i gong tiltak som kan verke inn på den automatisk freda kyrkjegarden, med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova».

## Strandsone og landskap

I framlegget til planprogram står det som hovudtema «kulturforvaltning», der også kystkultur er nemnt. Omgrepet «Deep place» er også nytta under anna hovudpunkt, der ein ønskjer utvikling rofesta i lokal historie og uttrykk. Akvakultur er nemnt under kategori næringsliv, og som eige hovudpunkt er «Kystbasert friluft- og reiseliv», med fokus på næringsliv, turisme og infrastruktur. Fylkeskommunen saknar ein visjon og ein strategi om korleis Børnlo vil forvalte kystsona.

Strandsona er ein avgrensa ressurs der det er viktig at omsynet til ålmenn tilgjenge vektleggast sterkt. Dette kjem fram av både plan og bygningslova §1-8, dei nasjonale retningslinjene for forvaltning av strandsona og dei arealpolitiske retningslinjene i fylkesplan for Hordaland. Hordaland fylkeskommune minner om *Regional kystsoneplan for Sunnhordaland og ytre Hardanger* som vart vedteken 04.10.2017. Planen har mellom anna som mål at strandsona skal ivaretakast i eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet med fokus på natur –og landskapsopplevingar, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne. I strandsona er det viktig å ivareta ålmenne interesser og hindre uheldig utbygging.

## Akvakultur

Hordaland fylkeskommune forvaltar akvakulturlovverket i Hordaland fylke. I samband med planlegging etter plan- og bygningslova har fylkeskommunen lovfesta rett og plikt til å medverke i det kommunale planarbeidet (PBL §§ 11-4,5) for å ivareta statlege og regionale omsyn, og for å medverke til at planen får eit godt fagleg fundament. Hordaland fylkeskommune ser det som særleg viktig at kommunen gjennom arealplanlegging legg til rette for ei berekraftig og lønnsam utvikling innafor akvakulturnæringa.

Ny plan- og bygningslov, plandelen, har verka sidan 01.juli 2009 og særleg sentralt i høve til planlegging av sjøareal tilknyta akvakultur er PBL § 11-7 pkt. 6 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone og § 11.11 pkt. 3 Bruk og vern av vassflate, vassøyle og botn og pkt 7 Kva artsgrupper eller artar av akvakultur som einskild eller i kombinasjon kan etablerast.

Akvakulturverksem vert regulert under akvakulturlova gjeldane frå 01.januar 2006. I høve til planlegging etter PBL er det særleg akvakulturlova § 15 som er sentral, løyve til akvakultur kan ikkje gjevast i strid med vedteken arealplan etter plan- og bygningslova. Med bakgrunn i nye krav i ny plan- og bygningslov og ny akvakulturlov er det trond for at sjødelen av arealplanen vert rullert.

Arealplanen bør tilpassast akvakulturnæringa sine noverande og framtidige behov. Rulling av sjødelen av planen bør gjerast i dialog med alle partar dette vedkjem, og særleg med næringa, offentlege etatar og i lag med nabokommunar som grensar til dei same sjøområda.

Gjennom Fiskeridirektoratet sitt elektroniske kartverktøy finn ein geografisk informasjon om alle godkjente akvakulturlokalitetar. Kartløysinga legg også til rette for nedlasting av temadata innan akvakultur (sosi- eller shapeformat) <http://kart.fiskeridir.no/adaptive/>

Planarbeidet for sjødelen bør ha følgjande fokusområde:

- Sjekke og justere eksisterande areal rundt godkjente anlegg
- Storleik på akvakulturområde kring eksisterande lokalitetar
- Gjennomgang av om eksisterande akvakulturlokalitetar er eigna
- Mogelege nye akvakulturområde
- Fortøyinger og ankerfeste til oppdrettsanlegg
- Akvakulturområde som tangerer område avsett til fiske
- Fortøyinger fra oppdrettsanlegg som ligg i nabokommunar
- Interkommunalt samarbeid – felles sjøområde
- Innspel knytt til akvakultur (landbasert, parkeringsplassar osb.)
- Område for tareproduksjon

Det er viktig at kommunen planlegg områda for akvakultur store nok slik at ein tek høgd for næringsutvikling både med omsyn til omstrukturering av lokalitetane og moglegheit for ny teknologi og nye arter. Hordaland Fylkeskommune meiner og at det er positivt om kommunen kan ta høgde for nye områder og nye artar innan akvakultur. Taredyrking kan vere eit godt døme på det. Hordaland Fylkeskommune må her merke at ny teknologi som lukka einingar kan i enkelte høve ha behov for nær tilgang til land.

Det er særstakt viktig at kommunen planlegg godt slik at ein ikke får trøng for dispensasjonar etter kort tid. Blir områda små kan dette gjere anleggs- og fortøyingsutskifting innanfor arealplanen vanskeleg, og ein vil kunne få søknad om dispensasjon frå planen ved mindre endringar på lokaliteten. Dette vil vera uehdig i tilfelle der verksemder vil skifta ut eldre anlegg med nyare og til dømes meir rømmingssikre installasjonar.

## **Skjelsand og råstoffutvinning**

Vi ser behov for at skjelsand vert eit plantema ved denne rulleringa av kommuneplanen sin arealdel. Dette for å få ei forsvarleg og føreseieleg ramme rundt skjelsandforvaltinga, der pbl må sjåast i samverknad med kontinentalsockellova.

Skjelsand er blant anna eit rimeleg og godt kalkingsmiddel i jordbruket, ikkje minst i Hordaland. Kontinentalsockellova slår fast at retten til utvinning av dei undersjøiske naturførekomstane ligg til staten. Fylkeskommunen er sektormyndighet for uttak av skjelsand, som delegert konsesjonsmyndighet etter kontinentalsockellova og ansvarleg myndighet for konsekvensutgreiing av slike tiltak. Det kan ikkje gjevest løye til uttak av skjelsand i strid med bindande arealplan med mindre den aktuelle kommunen samtykkjer. Det følgjer av plan- og bygningslova (§ 11-7) at arealdelen i nødvendig utstrekning skal vise område for råstoffutvinning.

Ut frå ressurskartlegging i statleg regi er Bømlo den tredje største skjelsandkommunen i fylket etter Øygarden og Fjell kommunar. Hordaland er det største skjelsandfylket i landet. Fylkeskommunen har oversikt over årleg rapporterte skjelsandopptak i den enkelte kommune i fylket sidan 1993 (lagt ut på internett). Vi vurderer at kunnskapsgrunnlaget for skjelsandforvaltinga i Hordaland er godt, jf. vurderingar som skal gjerast etter Naturmangfaldlova § 8. Uttak av skjelsand så langt er svært små samanlikna med kartlagde ressursar.

Skjelsand er ikkje nemnt i gjeldande arealdel (vedteken i 2013), verken i planomtalen, føresegner eller retningsliner, men fleire område for uttak av skjelsand er vist på plankartet. Fylkeskommunen si fråsegn ved rullering av kommuneplanen sin arealdel i 2013 omfatta ikkje skjelsand. I kommuneplanen sin arealdel som vart vedteken i 2006, står det blant anna at skjelsand er ein ressurs som bør utnyttast, men at kommunen vil vurdere kvar einskild søknad utifra mogelege interessekonfliktar.

I regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, vedteken 03.10.2017, står det blant anna følgjande om planhandsaming av skjelsanduttak: Både plan- og bygningslova og kontinentalsockellova har innverknad på planlegging av skjelsandopptak. Skjelsandførekomstar må vektast i planlegging, og det må vurderast om konsesjonsområde for skjelsandopptak skal visast i kommuneplanens arealdel som

råstoffutvinning. Dette er synleggjort i retningsline 2.8, der det står: «Område for skjelsand bør vurderast og gjerast synleg i kommuneplan».

I rettleiaren T-1491 til kommuneplanen sin arealdel står det følgjande om korleis skjelsand kan handterast i arealdelen:

*Skjellsanduttak er ikke eget underformål i plan- og bygningsloven. Areal kan avsettes til skjellsanduttak ved å bruke det generelle formålet "bruk og vern av sjø og vassdrag" og spesifisere bruken nærmere gjennom bestemmelser. Bestemmelser etter § 11-11 nr. 3 kan gis om "bruk og vern av vannflate, vannsøyle og bunn", og dette gir muligheter for å styre skjellsanduttak. Det kan også være en mulighet å benytte formålet råstoffutvinning etter § 11-7 nr. 1, dersom det anses mer hensiktsmessig.*

Det har vist seg at skjelsandkommunane i Hordaland er meir eller mindre restriktive til uttak av skjelsand. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale interesser (jf. pbl § 11-1 andre ledd). Det er t.d. ei nasjonal interesse når retten til utvinning av skjelsand er lagt til staten.

Som sektormyndighet på området må fylkeskommunen søkje å ivareta at planlegginga går føre seg etter intensjonar i lov og regelverk. Ved denne rulleringa ser vi behov for ein gjennomgang av dei områda som alt er lagt ut til råstoffutvinning, med ei vurdering av kva område som kan takast ut av planen eller justerast, og korleis planen kan sikre ei forsvarleg forvaltning som også tek omsyn til kommunen sine eventuelle ønskje. Det vert forventa at fylkeskommunen blir trekt inn i planarbeidet, jf. fylkeskommunen sin rett og plikt til å delta i planlegginga på eige sektorområde etter pbl § 3-2. Motsegn kan bli vurdert dersom ikkje uttak av skjelsand vert vurdert i planarbeidet.

### **Oppsummering**

Fylkeskommunen har merknader til folkehelse, senter- og tettstadutvikling, senterstruktur og handel, areal og transport, samferdsel, kulturmiljø- og kulturminne, strandsone og landskap, akvakultur, skjelsand og råstoffutvinnning. Vi ber om at våre merknader vert ivaretakne i det vidare planarbeidet.

Vi vil rá til at planprogrammet blir gjeldande for samfunnsdelen, og at planprogram for arealdelen kjem i neste runde, anten som eige planprogram eller som revidert planprogram for både samfunnsdel og arealdel.

Eva Katrine R. Taule  
fagleiar communal plan

Nina Gjester Hoel  
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.

Saksbehandlarar:

Nina Gjester Hoel, Seksjon for plan - REG AVD, REGION|ALAVDELINGA

Gunhild Raddum, Transportplanseksjonen - SAMFERDSELSAVDELINGA

Tore Sløning, Fylkeskonservatoren - KULTUR OG IDRETTSAVDELINGA

Hanne Espe, Seksjon for Idrett og friluftsliv - KULTUR OG IDRETTSAVDELINGA

Jomar Ragnhildstveit, Seksjon for klima og naturressursforvaltning – REG.AVD, REGIONALAVDELINGA

Trond Olav Wahl, Seksjon for klima og naturressursforvaltning – REG.AVD, REGIONALAVDELINGA

Else-Marie Brobakke Aarø, Seksjon for næring - REG AVD, REGION|ALAVDELINGA

Kopi:

FYLKESMANNEN I HORDALAND

STATENS VEGVESEN